

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

**Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)** sette på vegner av Sp, A, KrF og SV fram slikt forslag:

«Endring av punkt 1 (endringane står i kursiv):

Hordaland fylkeskommune er positiv til eit forbod mot nydyrkning av *djup* myr, som eit klimapolitisk tiltak. *For grunn myr skal løyve vurderast i kvart enkelt tilfelle.* Forbodet vil medverke til å nå måla i klimaplan for Hordaland og dei globale klimamåla.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Slett siste setning i punkt 3.»

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Punkt 3 vert stroke.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med Ekrheim sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (SV, MDG, V).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Ryssdal sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til eit forbod mot nydyrkning av djup myr, som eit klimapolitisk tiltak. *For grunn myr skal løyve vurderast i kvart enkelt tilfelle.* Forbodet vil medverke til å nå måla i klimaplan for Hordaland og dei globale klimamåla.
2. Hordaland er eitt av fylka som kan verte berørt av eit forbod mot nydyrkning av myr. Eit absolutt forbod mot nydyrkning av myr kan vere negativt for bruken i Hordaland som generelt er små i areal. Høve til å skaffe seg tilleggsjord ved nydyrkning kan vere utslagsgivande for fortsatt drift, og høve til dispensasjon i særskilte tilfelle må difor inngå i endringane i lov og forskrift.